

# MØTEBOK FOR VESTRE SLIDRE FJELLSTYRE

Sak nr: 60/2007

Møtedato: 8.10.07

Arkiv nr: S 803

## S 803, Flyin – søknad om sel

Frank Johansen søker om å få opp eit nytt sel på 42 m<sup>2</sup>(BYA). Det er ikkje lagt ved teikningar eller kartskisse.

På stølen er det registrert følgjande bygningar: bu 14 m<sup>2</sup>. Stølen er gjerda opp att og det er grøfta rundt jordet. Jordet er delvis rydda for brisk og resten skal fjernast. Etter kvart ynskjer søkeren å pløye opp jordet å så det til. Planen for framtida er å kunne begynne med kjøttdyr og/eller sau.

Stølen er i bruk etter fjellova og skal behandlast etter § 13 i stølsforskriftene der det heiter:

*Etter søknad som fjellstyret avgjer, kan seterbrukaren setje opp hus for ei rasjonell utnytting av utvist seter. Fjellstyret skal taka stilling til kva slag og kor mange hus som trengst, deira storlek og standard eller anna, og det kan setje vilkår. Før fjellstyret gjer vedtak skal saka leggjast fram for Statskog til fråsegn.*

*Dersom fjellstyret vil krevje at hus som alt står, skal rivast, må saka føreleggast for regional kulturminneforvaltning til fråsegn før fjellstyret gjer vedtak. Det same gjeld ved endring eller utviding av hus på seter.*

Søknaden er oversendt Statskog for uttale jf. stølsforskrifta og dei har tilrådd søknaden. Vilkåret er at det gamle selet blir rive og at stølen innan ei viss tid blir teke i bruk ut frå garden stølen ligg til.

Sidan det ikkje er med teikningar eller foto er ikkje saka oversendt Oppland fylkeskommune Skal fjellstyret behandle saka må det skje med etterhald for desse uttalene.

### Vedtak:

Fjellstyret finn at det er behov for det omsøkte bygg og godkjenner søknad om nytt sel på vilkår av det gamle selet på 14 m<sup>2</sup> blir rive. Teikningar av det nye selet skal oversendast fjellstyret. Godkjenninga er gjeve på vilkår av at det blir teke opp drift på stølen ut frå garden innan tre år.

Dersom Oppland fylkeskommune har merknader til utforming av bygget, må søkeren korrigere teikningane i samsvar med eventuelle merknader før oversending til sluttgodkjenning i kommunen.

Dersom bygginga ikkje er starta opp innan 3 år fell løyvet bort.

Byggeløyvet er ikkje gyldig før kommunen har godkjent søknaden.

I følgje §28 i forvaltningsloven kan vedtaket klagast over. Eventuell klage skal adresserast til Statens landbruksforvaltning og sendast Vestre Slidre fjellstyre innan 3 veker frå mottak av dette vedtak.

Vedtaket er einstemmig.

Vestre Slidre fjellstyre den 24.10.07

Harald Ranum  
sekretær

Utskrift: Frank Johansen  
Statskog  
Vestre Slidre kommune  
Oppland fylkeskommune, avd kulturvern